



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/336 - 18/26942

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2018

Oversender vedtak for klagevurdering - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Saka gjeld klage på avslag på søknad om rammeløyve og dispensasjon for oppføring av annekstil fritidsbustad på gbnr 84/26 Kvalvågnes.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som LNF-føremål. Eigedomen er ikkje inkludert i oversikta over bygde fritidseigedomar i LNF-områda med status som LNF-spreidd, jf vedlegg B i føresegnene. Tiltaket er plassert innanfor 100-metersbeltet langs sjø.

Søknaden har vore på høyring til Fylkesmannen i Hordaland som rådde frå at det vart gitt dispensasjon. Vi gjer merksam på at kommunen i høyringsskrivet og i avslaget har lagt feil arealrekneskap til grunn. Dette er retta i klageomgangen.

Kommunen avsla søknaden i administrativt vedtak datert 04.05.2018. Tiltakshavar, ved Hilleren Prosjektering AS, har i skriv journalført mottatt 25.05.2018, med supplerande opplysningar journalført 17.08.2018, klaga på vedtaket. Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.08.2018, der det vart fatta følgjande vedtak:

«Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av annekstil fritidsbustad på gbnr 84/26 datert 04.05.2018 vert oppheva. Klagen vert tatt til følgje, og det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og plan og bygninglovens §1-8 for oppføring av annekstil fritidsbustad, som plassert i situasjonsplan vedlagt klage datert 25.05.2018.

Grunngjeving:

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verna om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halda ho fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og



verneinteresser.

PMU vurderer at omsyna bak både LNF-føremålet og byggjeforbodet i 100-metersbeltet er ivaretatt i denne saka. Slik tiltaket er søkt plassert vil det være lite synlig fra sjøen. PMU vurderer at denne tomte har særskilte kvaliteter med berghammer i bakkant og forhøyning mot sjø som gjer at oppføring av anneks ikkje vil påverka naturopplevelsar frå sjøen. Området er allerede bebygget med fleire hytter og naust, og tiltaket vil således ikkje føra til auka privatisering. Tiltaket vil også få ein naturleg plassering i forhold til allerede etablerte tiltak i området. Ut frå ei samla vurdering ser PMU at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon.»

Vedtaket med vedlegg følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 50 00.

Alle dokumenta i saka ligg tilgjengeleg [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av anneks til fritidsbustad - gbnr 84/26 Kvalvågnes
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 84/26 Kvalvågnes
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Søknad om dispensasjon
Situasjonsplan
Teikning
Gbnr 84-26 Grunnkart
Gbnr 84-26 Ortofoto 2015
Gbnr 84-26 oversiktskart med kommuneplan
Uttale til etablering av anneks - gbnr 84/26 Kvalvågnes
Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av anneks til fritidsbustad - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Vedlegg:

Uttale frå planavdelinga - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Uttale til dispensasjonssøknad gbnr 84/26

alternativ plassering

sak 188.18 Klage på vedtak

Tilleggsdokumentasjon/reviderte opplysningar - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Infoskriv klage revidert

Oppdatert skjema opplysninger om tiltakets ytre rammer

tegning fra kunde 2

tegning fra kunde 3

tegning fra kunde

Utklipp naust

Kopi til:

Hilleren Prosjektering AS

Skulebakken 2-4

5355

KNARREVIK

Rune Vedeler

Medhaugen 5 D

5174

MATHOPEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen